



Kontrollutvalet

Fylkesrådmannen

Sakshandsamar:

Ole Stian Hovland

E-post: Ole.Stian.Hovland@sfj.no

Tlf.: 57638131

Vår ref.

Sak nr.: 15/13262-1

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

54995/15

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 22.12.2015

Oppfølging etter forvaltningsrevisjonen - Fylkesarkivet

Fylkesrådmannen viser til vedtak i FT-sak 3/15, og melder med dette attende om gjennomføring av tilrådingane i rapporten i samband med forvaltningsrevisjonen.

Framlegga i rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon er samla i desse 5 punkta (jf. kap. 6):

1. *Det bør utarbeidast mandat/instruks for styringsgruppa for kommunearkivordninga.*
2. *Fylkesarkivet bør gjennomføra systematiske risikovurderingar, mellom anna som grunnlag for etablering, og/eller justering av planar, organisering, system og rutinar.*
3. *Det er viktig at fylkeskommunen etablerer rutinar for å sikre at arkivplanen jamnleg blir oppdatert, herunder at område som treng oppdatering blir fortløpande avdekka og handtert.*
4. *Fylkesarkivet bør i årsrapporten for kommunearkivordninga tydlegare samanstilla planar mot faktisk gjennomførte aktivitetar, og kommentera eventuelle vesentlege avvik.*
5. *Fylkesarkivet bør vurdera om det er mogleg i større grad å utarbeide meir kvantitative mål i årsplanen for kommunearkivordninga.*

Fleire av punkta omhandla kommunearkivordninga. Denne ordninga er eit interkommunalt samarbeid etter § 27 i kommunelova. Fylkesarkivet la difor rapporten fram for styringsgruppa for kommunearkivordninga, og bad denne gruppa drøfte og ta stilling til punkt 1, 4 og 5. Nedanfor vert difor handsaminga av punkt 1, 4 og 5 rapportert først:

Punkt 1, 4 og 5 vart handsama i styringsgruppa for kommunearkivordninga 25.11.15, (ESA 15/8578-3, Referat - møte i styringsgruppa for kommunearkivordninga):

Sak 6: Oppfølging av forvaltningsrevisjonen

Fidjestøl og Hovland orienterte om oppfølginga. Ein arbeider for tida med å endre på oppsettet til årsplanen og årsmeldinga, slik at ynskje om målbarheit som vart nemnt i revisjonen vert teke til følgje. Tanken er at årsplanen skal ha fokus på målsetjingar, medan årsmeldinga skal setjast opp på ein slik måte at ein lett skal kunne vurdere i kva grad målsetjingane vert oppnådde. Dette vil ein oppnå ved i større grad å nytte kvantifiserebare storleikar og tabellar.



Det vart i revisjonsrapporten etterlyst eit mandat for styringsgruppa. Fidjestøl presenterte eit utkast til vedtekter etter mal frå Arkiv i Nordland som er organisert tilnærma likt Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Styringsgruppa tok orienteringa til vitande og bad om at eit utkastet til vedtekter vart sendt til KS for gjennomgang.

Tilrådinga i pkt. 4 og 5 vil bli følgjt opp og innarbeidd i framtidige årsplaner/årsrapportar ved Fylkesarkivet. Tilrådinga i pkt. 1 vil bli følgjt opp etter tilbakemelding frå KS.

Punkt 2: Fylkesarkivet arbeider kontinuerleg med å sikre at arbeidet vert gjennomført på ein forsvarleg måte. Ein del av oppfølginga går til dømes ut på å kartlegge behov for særskilde prosessar der Fylkesarkivet treng eigne rutinar. Eit døme på slike prosessar er m.a. at Fylkesarkivet er i ferd med å lage eigne rutinar for handtering av skada og skadeleg arkivmateriale. Arbeidet er ikkje ferdigstilt, men det er laga ein rapport med framlegg til rutinar som skal leggast fram på neste personalmøte i Fylkesarkivet. Fylkesarkivaren vedtek rutinar etter intern høyring.

Punkt 3: Fylkeskommunen er i ferd med å ajourføre sin arkivplan. Arkivplanen er ikkje Fylkesarkivet sitt ansvar, men kommunearkivordninga gir fagleg råd og rettleiing. Fylkesrådmannen vedtek ny arkivplan når denne er ferdigstilt.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Arnt Ola Fidjestøl
fylkesarkivar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Kontrollutvalet